

Viktig melding til unge terrengsyklistar.**08.07.2020**

Sykling på stiar i terrenget er blitt svært populært. Det er ein god aktivitet. Det meiner også lesaren vår som går ein del tur på stiane på Hauglandsheio, og som kjem med eit viktig varsku til ungdommane som sykklar der. Dei har teke vekk store steinar, og det har ført til djupe holer i stien. Dette er nok gjort for at stien skal bli betre å sykla på, men det er farleg for gåande og joggande. Lesaren fortel at enkelte hol er 25 cm djupe, og kan lett føre til beinbrot hos t.d. joggarar. Lesaren seier at syklistane må fortsetja med aktiviteten sin, men det er viktig at dei enten legg steinane tilbake eller fyller i hola.

tid.